

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 7. juni 2010  
Møtestad: Norddal Rådhus kl 14.00

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades:  
Signe Brenna og Frank Iversen

**= 3 voterande**

Frå Norddal kommune møtte rådmann Stig Holmstrøm. I tillegg møtte økonomisjef Einar Hoel i sakene 19/10, 20/10 og 21/10

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

**SAK 18/10  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. APRIL 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. april 2010 blir godkjent

**SAK 19/10  
ÅRSMELDING 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Norddal kommune til orientering.

**SAK 20/10**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. I enkelte verksemdar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet ser på arbeid med økonomistyringa som viktig.

**SAK 21/10**  
**REKNESKAP 2009 – NORDDAL EIGEDOMSSELSKAP KF**

Innstilling datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

**SAK 22/10**  
**OM VEDTEKE MANDAT I PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Saksutgreiing datert 02.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka blir lagt fram for kommunestyret til orientering.

**SAK 23/10**  
**OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.06.2010, jf også sak 09/10 og 14/10

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. På bakgrunn av rådmannen sin uttale om at det vil bli gjort nærare undersøkingar omkring dei opplysningane som har kome fram gjeldande spørsmålet om lovlegheita av byggverk i Tafjord, ønskjer kontrollutvalget snarast å bli kjent med den informasjonen som kommunens administrasjon i dette høvet innhentar og dei konklusjonane som blir gjort. Kontrollutvalet ber om at orienteringa også inneheld

informasjon om all befatning kommunen har hatt med denne konkrete saka, vedlagt dokumentasjon, i den utstrekning slik eksisterer innan 15. juli 2010.

2. Kontrollutvalet vurderer det generelt slik at kommuneadministrasjonen av eige tiltak bør ha rutinar for å gå inn med aktivt tilsyn der konkrete opplysningar tilseier det i samsvar med reglane i plan og bygningslova.

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

Signe Brenna  
medlem  
(sign.)

Frank Iversen  
medlem  
(sign.)